

- Som bønder i Herøy er vi glade i yrket vårt og stolte av næringa. Det er meningsfullt og krevande å produsere landbruksvarer i vår vakre natur i høgkostlandet Norge. Næringa er synleg med store bygningar, med husdyr og jorder, skog og utmark. Bøndene utviklar stadig sine driftsmåtar. Produksjonen pr sysselsett auker 6 prosent årleg, det er på line med norsk oljeverksemd og storeksportøren USA. – For unge er difor landbruket ei spennande og meningsfull næring å gå inn i med store krav til arbeidslyst og allsidig fagkompetanse. **Rekruttering, økonomi og miljø** er hovudmåla for landbruket i Herøy.

- Veit du dette om landbruket i Herøy:

Herøy er ein **betydeleg jordbrukskommune i fylket** i antal gardsbruk. I 2019 var det **62 gardsbruk i drift** i Herøy (96 bruk i år 2000) med **gjennomsnittleg dyrka areal på 82 dekar** (76 dekar i år 2000).

Kvart årsverk i landbruket skaper ein til to arbeidsplassar i andre tilstøytande verksemdar.

Det vert utført flest årsverk i storfekjøttproduksjon og i sauehaldet. I Herøy har **12 gardsbruk produksjon av storfekjøtt**, av desse 3 mjølkebruk. Det er 49 sauebruk, 4 bruk med ammekyr og 2 bruk med høner i kommunen.

Bønder driv i tillegg andre produksjonar, næring innan skogbruk, turisme, jakt og fiske, vidareforedling og sal av gardsmat.

Kommunane Hareid, Ulstein og Herøy har felles landbruksforvaltning i Søre Sunnmøre Landbrukskontor.

I Herøy er det bedrifter og maskinfirma innan landbruket.

Det er dei siste åra bygd nye fjøs.

Samla er **husdyrhaldet i Herøy ein buskap på 30 mjølkekyr**, 140 ammekyr/andre storfe, 15.000 høner og 4.800 sau og lam.

Det vert dyrka vel **5.100 dekar jordbruksareal** (7.200 dekar i år 2000), mest gras til fôr og beite.

Vidare er det ca **5.500 dekar produktivt skogareal** med furu, gran og lauvtre.

Spesialisert produksjon, stor omsetnad og stadig ny satsing

Matproduksjonen og råvarer frå jordbruket i Herøy hadde i 2010 (tal frå NILF) ein **salsomsetnad på 19,3 millionar kroner** i året.

Av dette hadde mjølk- og storfekjøttproduksjon 22 prosent av omsetnaden, sauehaldet 44 prosent og eggproduksjon 19 prosent.

Det allsidige landbruket i Herøy skaper i tillegg verdiar frå produksjonar med andre dyreslag, bønder arbeider med tilleggsnæringar, brøyting av vegar og i skogen, og det er hestehald i kommunen.

I 2019 vart det produsert **195.000 liter kumjølke frå 3 mjølkebruk** (900.000 liter og 17 mjølkebruk i år 2000). Dette tilsvarar årsforbruket av drikkemjølke, ost og andre meieriprodukt til vel 650 personar. Gjennomsnittleg har mjølkebruka 10 kyr og leverer årleg 65.000 liter mjølke.

I 2019 vart det produsert vel **58.000 kg kjøtt** i Herøy, av dette vel 22.000 kilo storfekjøtt og 36.000 kilo sauekjøtt. Kjøttproduksjonen tilsvarar årsforbruket av kjøtt til vel 800 personar, eller mange av befolkninga i kommunen.

Vårt lokale landbruk er ein del av nasjonal og internasjonal matproduksjon

Bøndene i Herøy er medeigarar i dei store nasjonale industribedriftene Tine og Nortura – Gilde. Næringsmiddelindustrien er landets største industrisektor. I tillegg kjem tømmerforedling.

Landbruksnæringa si hovudoppgåve er å forsyne heile landet med norske matvarer året rundt til stabile prisar. Norsk matproduksjonen skal aukast med 20 prosent dei neste 20 åra i takt med befolkningsauken på 1 million menneske. Vi produserer i dag berre halve kaloriforbruket vårt. Matimporten aukar veldig raskt i Norge, liksom i Sverige, mellom anna av storfekjøtt og dels mjølkeprodukt. – Auka import sikrar ikkje levande bygder og kulturlandskapet på Nordvestlandet.

Norge har krevande natur og klima for matproduksjon utandørs. Dei fleste land vi samanliknar oss med har ein politikk for matforsyning. Liksom på mange andre politikkområde har Norge sin eigen modell for nasjonal landbrukspolitik. Importvernet overfor land med gunstigare vilkår og lågare kostnader er avgjerande for å oppretthalde matproduksjon over heile landet

Bonden og landbruksnæringa i Herøy gir Mat, Miljø og levande Bygder



- Kvifor aktivt landbruk i Norge?

- lokal norsk mat året rundt i heile landet til nokså lik pris
- velstelte bygder med kulturlandskap og husdyr
- miljøverdiar, kulturverdiar og tradisjonsberarar
- lokal busetting og verdiskaping med store ringverknader

Mai 2020




NORGES BONDELAG



Landbruket i Herøy

- * 62 bruk i drift, av desse 12 med storfekjøtt
- * 3 mjølkebruk og 49 sauebruk
- * Kultur- og kystlandskap av verdsformat
- * Det aktive landbruket gir ringverknader for arbeidsplassar og omsetnad i kommunen



 VESTRE SUNNMØRE
BONDELAG

(Vestre Sunnmøre Bondelag dekker kommunane Hareid, Ulstein og Herøy).